



SAMAN FOR KVALITET

REGIONAL PLAN FOR SAMHANDLING
KRING KOMPETANSE- OG
KVALITETSUTVIKLING INNANFOR
BARNEHAGE OG SKULE I
NORD-ROGALAND (2023-2027)

Innholdsliste

Innleiing	5
1. Mål, kriterier og beskriving av tilskuddsordninga	6
2. Aktørane si rolle i partnarskapssamarbeidet regionalt	7
<i>Samarbeidsforum NordR</i>	7
<i>Barnehage- og skuleeigar</i>	7
<i>Barnehagemynde</i>	8
<i>Kompetanse- og utviklingsretteiarar</i>	8
<i>Høgskulen på Vestlandet</i>	8
<i>Barnehage- og skuleleiarar</i>	8
<i>Organisasjonane</i>	9
<i>Private barnehagers landsforbund</i>	9
<i>Fagorganisasjonane</i>	9
<i>Private skular</i>	9
<i>PPT – Pedagogisk-Psykologisk Tjeneste</i>	9
3. Prosessar og progresjon	10
<i>Modell for lokal kompetanseutvikling</i>	10
<i>Årshjul</i>	10
4. Tiltak i regionen	12
<i>Tiltak innanfor tilskuddsordninga</i>	12
<i>Anna vi kan samarbeide om</i>	12

Innleiing

Stortinget har høge ambisjonar for utvikling av kompetanse og kvalitet i utdanningsinstitusjonane. Den regionale planen for kompetanse og kvalitetsutvikling innanfor barnehage og skule i NordR skal støtte opp under mål og ambisjonar for oppvekst- og utdanningssektoren ut frå lokale behov.

Sentralt i dette arbeidet er nasjonale retningslinjer, planar og partnerskapsavtalar knytt til forvaltninga av *lokal tilskuddsordning for kompetanseutvikling i barnehage og grunnskole*:

- [Retningslinjer for tilskuddsordninga](#)
- [Plan for Rogaland](#)
- [Partnerskapsavtale mellom Kompetanseregion NordR og HVL](#)

Nasjonale mål ligg til grunn for tildelingar av midlar over statsbudsjettet og desse måla skal også følgjast opp gjennom lokale tiltak i tilskuddsordninga og vidareutvikling av partnerskapsamarbeidet.

Nasjonale sektormål for barnehage

- Alle barn skal ha eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø
- Barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle har god tilgang til relevante tilbod av god kvalitet

Nasjonale sektormål for grunnopplæringa

- Alle har eit godt og inkluderende læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lykkest i opplæringa og utdanninga

Nasjonale sektormål for Universitet- og høyskolesektoren (UH)

- Høg kvalitet i utdanning og forskning
- Berekraftig samfunnsutvikling, velferd og innovasjon
- God tilgang til utdanning og kompetanse i heile landet

Inkludering og medvirkning skal vere grunnleggjande prinsipp i alle tiltak som det blir søkt midlar til i tilskuddsordninga i Nord-Rogaland.

I tillegg til å støtte barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling, er det eit mål å utvikle partnerskapet som arena for samarbeid om profesjonsutvikling, deling, samskaping og innovasjon.

Målgruppe for denne planen er alle aktørar og interessentar i arbeid med lokal kompetanse- og kvalitetsutvikling innanfor utdanningssektoren i Nord-Rogaland.

1. Mål, kriterier og beskriving av tilskuddsordninga

Tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling skal bidra til å auke kompetansen og kvaliteten i barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular, i kommunar og fylkeskommunar, og hos universitet og høgskular.

Mål for tilskuddsordninga er å styrke kollektiv kompetanse i barnehagar og skular ut frå lokale behov, gjennom partnerskap med universitet eller høgskule (UH). I tillegg har kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis eit breiare og tverrsektorielt innhald som skal bidra til at alle kommunar, barnehage- og skuleeigarar har tilstrekkeleg kompetanse tett på barna og elevane til å kunne gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle.

Partnerskap mellom UH og praksisfeltet skal òg bidra til å styrke lærerutdanningane.

Tilskuddsordninga for lokal kompetanseutvikling omfattar:

- Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule
- Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis

Kriterier for tildeling av tilskuddsmidlar er at kompetanseutviklingstiltaka er forankra i lokalt definerte behov, det vil seie at kompetansebehova skal vurderast på ein måte som involverer tilsette og leiarar i den enkelte barnehagen og skulen i fagleg dialog med UH.

Midlane skal brukast til barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling som fremmer kollektive prosessar, og tiltaka skal gjennomførast i partnerskap med universitet eller høgskule. For tiltak innanfor kompetanseløftet vil målgruppa i tillegg inkludere samarbeidspartnarar og støttetenester i laget rundt barna og elevane.



Foto: Aage E. Wiksnes

2. Aktørane si rolle i partnerskapssamarbeidet regionalt

Alle dei ulike aktørane i samarbeidet for utvikling av kompetanse og kvalitet innanfor barnehage og skule i kompetanseregionen har viktige roller som utfyller og kompletterer kvarandre. Aktørane skal saman skape eit utdanningsløp som involverer barn og unge og gjer dei i stand til å mestre liv og læring både her og nå og i framtida. Sånn sett er barn og unge hovedaktørane i denne prosessen, sjølv om dei ikkje har ei eksplisitt rolle i partnerskapet på dette nivået og derfor ikkje er inkludert i beskrivingane i dette kapitlet.

Detaljar ut over dei følgjande beskrivingane vil kome fram i rutinedokument knytt til dei ulike delane av utviklingsprosessen.

Samarbeidsforum NordR

Samarbeidsforum NordR samarbeider om regionale prosessar og prioriteringar knytt til forvaltinga av tilskuddsordninga for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnsopplæring og blir utvikla som arena for langsiktig partnerskap innanfor barnehage, skule og UH.

I Samarbeidsforum NordR sit:

Kommunalsjefane i Sauda, Suldal, Vindafjord, Bokn og Utsira

Barnehage- og skulesjefene i Vindafjord, Tysvær, Haugesund og Karmøy

Representant for Private barnehagers landsforbund

Representant for private skular i regionen

Representant for fagorganisasjonane

Representant for PPT

Representant for Høgskulen på Vestlandet

2 regionale kompetanse- og utviklingsretteleiarar

Leiarane for barnehage- og skulenettverka i regionen blir konstituert som leiar og nestleiar. Alle representantane kan ha med seg éin observatør på møta i samarbeidsforum. Ved utvida arbeidsmøte eller seminar skal representasjon definerast i invitasjonen.

Regionale kompetanse- og utviklingsretteleiarar saman med representant frå HVL, fungerer som AU. Andre arbeidsgrupper blir sett ned ved behov.

Barnehage- og skuleeigar

Barnehage- og skuleeigar har det overordna ansvaret for kompetanse- og kvalitetsutviklinga ved sine barnehagar og skular. Det inneber å ha system for barnehage- og skulebasert vurdering som sikrar jamnleg kartlegging og analyse av kompetansebehov for eingane sine, i tråd med føringar i lovverk og rammeplanar. Det inneber òg å vere involvert i arbeidet med kompetansetiltak under tilskuddsordninga.

Oversikt over behov for støtte i tilskuddsordninga til lokal kompetanseutvikling, blir meldt inn til Samarbeidsforum NordR, som vurderer korleis behova ev. kan møtast. Private barnehageeigarar melder behov gjennom barnehagemynde, medan private skuleeigarar melder behov gjennom friskulenettverket i Rogaland.

Barnehage- og skuleeigarar skal samarbeide med kompetanse- og utviklingsrettleiarar om den årlege rapporteringa til utdanningsdirektoratet.

Barnehagemynde

Kommunen har eit overordna ansvar for tenestetilbodet til innbyggjarane sine. Kommunen som barnehagemynde skal gjennom rettleiing og tilsyn sjå til at både dei kommunale og private barnehageeigarane driv barnehagane i samsvar med barnehagelova med føresegner. Dette inneber mellom anna å bidra med kunnskapen sin og den oversikta dei har over kompetansebehov for kommunale og private barnehagar i kommunen, samt leggje til rette for samiskspråklege barnehagetilbod.

Barnehagemyndet skaffar oversikt over kompetansebehovet i private- og kommunale barnehagar gjennom eigne rutinar. Dei informerer og rettleiar barnehageleiarar- og eigarar når det gjeld forståing og tolking av retningslinjene for tilskuddsordninga. Dei deltek òg i diskusjonar knytt til behovstilmelding på regionalt nivå og bidrar i planleggjing, gjennomføring og rapportering etter behov.

Kompetanse- og utviklingsrettleiarar

Dei regionale kompetanse- og utviklingsrettleiarane for barnehage og skule skal stimulere til auka samhandling og vidareutvikling av partnerskapet i kompetanseregionen. Dei skal vere kontaktpersonar og bindeledd mellom dei ulike aktørane i tilskuddsordninga, støtte og rettleie på kriterier og leggje til rette for gode prosessar lokalt og regionalt.

Kompetanse- og utviklingsrettleiarane har ansvar for prosessar knytt til behovsmelding og den årlege rapporteringa til utdanningsdirektoratet. Rapporteringa skal skje i samarbeid med barnehage- og skuleeigarane.

Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal vere en likeverdig partner i tilskuddsordninga på alle nivå. Det tidlegare bestillar-/leverandør-perspektivet er erstatta av ein samskapingsprosess. Dette inneber mella annet å ta del i barnehagar og skular sine utviklingsprosessar, bidra til å kvalitetssikre vurderingsprosessen av lokale behov og vere med på å spisse behov og utvikle tiltak saman med barnehagar og skular.

HVL bidrar med forskingsbasert kompetanse både på prosess og tematikk, og lærer av barnehagane og skulane sin erfaringsbaserte kompetanse. Erfaringane som ein gjer seg i partnerskapa skal påverke lærarutdanningane i ei meir praksisnær retning. HVL skal òg jobbe for at partnerskapet skal føre høgskulen tettare på regionen, ved å følgje opp med andre relevante tiltak. Dette kan vere strategisk plassering av vidareutdanningar, forskning m.m. (jf. Kap. 4).

Barnehage- og skuleleiarar

Leiarar i barnehage og skule har ansvar for å kartleggje og analysere behova til si eining saman med personalet for å prioritere barnehagen og skulen sitt utviklingsområde. Andre relevante aktørar, som t.d. barn, elevar og føresette, skal involverast i slike analyser av behov.

Styrrar og rektor er den som leiar utviklingsprosessane på einingsnivå. Dette inneber mellom anna å setje av tid og gjere nødvendige prioriteringar, involvere alle tilsette og utarbeide ein utviklingsplan/framdriftsplan for utviklingsarbeidet i samarbeid med fagtilsett/fagressurs frå HVL og eigar. Ein må sjå denne utviklingsplanen i samanheng med langsiktig kompetanseplan for eininga og barnehage- og skuleeigar sine strategiske planar.

Organisasjonane

Organisasjonane har ei viktig rolle i å ta vare på ulike stemmer og perspektiv i partnerskapet, bidrar aktivt, støttar prosessar og er viktige i arbeidet med å forankre tilskuddsordninga og det regionale samarbeidet gjennom sine organisasjonar.

Private barnehagers landsforbund

Private barnehagers landsforbund (PBL) tar vare på dei private barnehageeigarane sine perspektiv i nettverket og bidrar til å forankre arbeidet i medlemsbarnehagane sine. Representant for PBL er leiar i lokallaget for Karmøy eller Haugesund. PBL samarbeider med barnehagemynde om å sikre likebehandling av private og kommunale barnehagar i prosessar knytt til tildeling av midlar i tilskuddsordninga.

Fagorganisasjonane

Fagorganisasjonane representerer profesjonsstemmen og er ein aktiv medspelar i arbeid med lokal kompetanseutvikling. Dei vel sin representant blant dei tillitsvalde i aktuelle lokallag. Representanten har god dialog med andre tillitsvalde på ulike nivå, støttar prosessar og bidrar til forankring av ordninga blant medlemmane sine.

Private skular

Dei private skulane i regionen har tilknytning til 'Friskolenettverket for Rogaland' og melder behova sine innanfor desentralisert ordning gjennom det.

Når det gjeld Kompetanseløftet, er dei imidlertid ein del av kommunen sitt lag rundt barna og elevane. Kommunen har det overordna ansvaret for spesialpedagogisk støttetjeneste for alle skular og barnehagar i området sitt, og private skular er derfor representert i Samarbeidsforum NordR.

Skulane vel sin representant blant leiarar ved dei private skulane i regionen. Representanten har dialog med dei andre skoleleiarane, støttar prosessar og bidrar til forankring av ordninga i organisasjonen sin.

PPT – Pedagogisk-Psykologisk Tjeneste

PPT er ei viktig støttetjeneste for barnehagar og skular i den regionale og desentraliserte ordninga, og ein del av målgruppa for kompetanseløftet. Dette føreset god kjennskap til kriterier i tilskuddsordninga og rammeverk for barnehage og skole.

I *Samarbeidsforum NordR Oppvekst* er tenesta representert ved leiar for det regionale PP-nettverket. Denne representanten involverer og informerer dei andre PP-leiarane i regionen. Det er eit mål at lokal PPT er representert i lokalt arbeid med tiltak i ordninga, t.d. gjennom deltaking i lærande nettverk.

3. Prosessar og progresjon

Modell for lokal kompetanseutvikling

Samarbeidsforum NordR har utarbeidd ein regional modell for organisering av tilskuddsordninga i kompetanseregionen. Første fase av modellen tar utgangspunkt i eit system for kontinuerleg barnehage- og skulebasert vurdering som grunnlag for lokal kompetanseutvikling og dermed melding av behov.




Figure 1. Modell for organisering av tilskuddsordninga i NordR

Årshjul

Årshjulet viser samanhengane mellom det som skjer lokalt, i kompetanseregionen og i fylket i forbindelse med forvaltning og gjennomføring av tiltak i tilskuddsordningen for lokal kompetanseutvikling, og gjer det tydelegare. Ein interaktiv versjon med lenker til rutinebdokument ligg på NordR Oppvekst si nettside (lenke).

[Tabellen under er eit grunnlag for utarbeiding av eit slikt årshjul.

Kolonnene er tenkt slik:

Frå midten og ut, dvs. månadane ytst.

Kolonne 3 → Rogaland Kolonne 5 → NordR

* [Lenke til rutinebeskrivelser](#)]

4. Tiltak i regionen

Tiltak innanfor tilskuddsordninga

NordR Oppvekst ser dei tre ulike ordningane i tilskuddsordninga i samanheng. Det blir lagt opp til kompetanseutvikling og partnerskapssamarbeid med HVL på både einings- og nettverksnivå. Nettverk skal drivast etter prinsippa for 'lærande nettverk'. Nettverk kan òg etablerast på tvers av kommunar.

Kompetanseutvikling knytta til kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal i tillegg vere tverrfagleg og retta mot ei breiare målgruppe.

I regional ordning (barnehage) kan inntil 30% av den totale fordelinga bli sett av til andre kompetansetiltak. Samarbeidsforum for Rogaland set av beløp årleg i tråd med behov.

Anna vi kan samarbeide om

Regionale kompetansenettverk er rekna for å vere gode arenaar for utvikling av partnerskap.

Samarbeidsforum NordR har derfor intensjon om at partnerskapet med HVL skal utviklast til å omhandle samarbeid òg utanfor ordninga.

Andre tiltak i det regionale partnerskapet kan eksempelvis vere:

- Kurs/konferansar, sett i system
- Etter- og vidareutdanning
- Rettleiing av nyutdanna
- Rekruttering til lærarutdanningane
- Forskings- og utviklingssamarbeid (FoU-arbeid).
- Delte stillingar mellom skular/barnehagar i regionen og HVL
- Kommunane i regionen legg til rette for at tilsette, bachelor- og masterstudentar kan gjennomføre prosjekt i skular og barnehagar.